


# Grønholmen


Notat 180117 / VM



Jordskiftekart 1860



Utskiftinga gjeld Øvre Kvalheims utmark og Nedre Kvalheims inn- og utmark




Utsnitt av jordskiftekart 1860.

Fløholmen vart rekna som **innmark** under Kvalheim Øvre (og er derfor ikkje medteke på kartet).

Grønholmen vart rekna som **utmark**.

Kartet viser at Grønholmen, Lyngholmen og Sandholmen alle er lagt til parsell H på Kvalheim Nedre (som seinare er delt i bnr. 11 og 12).



Påteikningar på kartet :

*Framlagt i jordskifteretten, Kvalheim 15/5-1961.  
Sverre fastdal  
jordskiftedomar*

Framlagt i jordskifteoverrett 23/4-1963  
Jordliiv Haugen  
jordskifteoverdommar

## Konklusjonar



1. Eigedomsretten til Grønholmen (og Lyngholmen) vart ved utskiftinga av utmarka i 1860 tillagt bruk H (no bnr. 11 og 12) på Kvalheim Nedre.
2. Underrettsdommen av 1900 slær fast:  
*.....Thi kjendes for Ret : Citanterne ....kjendes ligeberettigede med de Indstevnete ..... til at drive Laxefiske udenfor den Gaarden Øvre og Nedre Kvaleims Udmarkestrækninger tilligende felles Strand samt ved de udenfor samme beliggende Holmer (Brimstøholmerne, Sandholmen og Lyngholmen og til i dette Øiemed at benytte Stranden paa disse Steder. – Omhandlede Holmer samt Kastevaagene og Forstrandrettighederne (Strand – Sørettighederne) paa nevnte Strekninger kjendes at være felles for gaardene Øvre og Nedre Kvaleim. Citanterne kjendes ligeberettigede med de indstevnede til den af Fisket ved Stranden og ovennevnte Holmer faldende Landslod og anden Afgift....*  
Dvs. dei vart dømde til å dela landslotten seg imellom, elles vanka det bot til Menger herredskasse. Det var landslotten som var felles, ikkje eigedomsretten til grunn.
3. **Landslott**, avgift til grunneigaren når land er brukt under saltvassfiske med kastenot (medrekna snurpenot og alle reiskapar som er brukte som landnot). Landslott utgjør 3 % av verdien på fiskefangsten eller blir eventuelt fastsett ved skjøn. Jf. elles lov om landslott av 1930. (allkunne.no)
4. Det er også i nyare tid aktuelt med avgifter eller vederlag for rettar på annan manns eigedom, til dømes for landfesting av oppdrettsanlegg
5. 27 / 12 Fløholmen vart oppretta i 1918, skyld 60 øre
6. 27 / 15 Solhaugvart utskild frå 27 / 12 i 1926, skyld 4 øre
7. 27 / 20 Raunholm vart utskild frå 27 / 12 i 1935, skyld 36 øre, med «rett til gjenkjøp».
8. AS Elektromotor kjøpte Gbnr. 27 / 12 Fløholmen i 1955, eigedomen vart skjøytt til Sverre Munch Aksjeselskap i 1979

9. 27 / 43 Pollmyra vart utskild frå 27 / 20 Raunholm i 1960, skyld 16 øre, og tilbakeført til Fløholmen. Gjenkjøpsretten vart sletta same år.
10. Nordre Byngja (gbnr. 28/37) vart utskilt frå bnr 11 og 12 i 1961.
11. Utskiftingskartet frå 1860 var framlagt for jordskifteretten i 1961 og 1963.
12. Hordabø heradstyre vedtok i 1962 å oreigna Grønholmen, om dei påståtte eigarane ikkje selde frivillig, etter at ein ikkje hadde fått nokon av dei påståtte eigarane til å krevja skyldskifte. Dette tyder på at påstanden om at Grønholmen er felleseige ikkje har lete seg dokumentera. Ingen eigarar melde seg til skyldskifte. Eigedomsspørsmålet var dermed opp- og avgjort : AS Elektromotor hadde i året før (1961) kjøpt gbnr. 28 / 37 Nordre Byngja, inklusive Grønholmen (om denne ikkje var kjøpt før), og Lyngholmen. Gbnr. 28 / 37 vart skøytt til Sverre Munch Aksjeselskap i 1979
13. Det er lite truleg at Sverre Munch Aksjeselskap investerte så mykje i Fløholmen utan at eigedomsretten til Grønholmen (og Lyngholmen) var sikra
14. Frå gamal grunnbok for Gbnr. 28 / 27 Nordre Byngja:

9456	27.12.83.	Obl. til Christiania Bank og Kreditkasse		
			kr. 13.000.000,-	Sletta 1911 -1987. Dnr. 8976 for d.e.
		m/pant i d.e. m.fl.		
		m/prt. etter kr. 9.000.000,- til Kreditkassen,		
		kr. 6.000.000,- til Kreditkassen,		
		kr. 7.000.000,- til Storebrand-Norden.	B.201	
			%	%

Det er lite truleg at bankane verdsette pantet (av industrieigedomane samla) så høgt (35 mill 1983-kroner = ca. 90 mill 2016-kroner) utan at eigedomsrettane til Grønholmen og Lyngholmen var sikra.

15. Notidig kartverk viser Grønholmen som ein del av 27 / 12 Fløholmen
16. HPLT sak 015/11 : Grunneigarar hevdar at Grønholmen er felles. Det kan vera tenkt på eldre bruksrettar, til notevoll eller liknande (laksefiske?). Men kommunen skriv i saksutgreiinga at Grønholmen er felleseige. Dette er i mistyding.
17. HPLT må ta regulerings-saka opp til ny handsaming.